



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1
ROGALAND

1955

Namnet på vatnet Glesjvåvatnet
Kommune Kinn

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

G L E S S J U R V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 24. august 1977.

Vatnet ligg i Lund kommune, på austsida av Bilstadvatnet, og med "Rugleheii" i nord-aust.

Arealet er omlag 30 ha. og h.o.h. 200 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men i sør og vest er fleire grunnlendte partier. I nord og aust vil det sikkert vera eit vesentleg djup.

Stranda består for ein stor del av stein der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner for ein stor del om skogsmark, der ein vil finna både kulturskog og spredt bjørkeskog. Elles vil ein finna røslengmark og snaufjell.

Vegetasjonen i vatnet er sparsam, men noko botngras veks einskilte stader.

Hovudtilsaget fell inn i vest og kjem frå Urddalsvatnet, men då dette er regulert blir det ei ustabil vassføring. Nokre mindre bekketilsig fell inn ymse stader.

Avlaupet "Kvernebekken" renn ut i vest og går til Bilstadvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er heile 12.0 m og fargen på vatnet grønnlig-blå som indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 4.8 og 5.0 som er i suraste laget for yngel og rogn.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 2.5mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne 25.58.

Gjennomstrøyminga er sterkt varierende.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 21 fjærmygglarver tilsvarande 210 individ

pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 8 fjærmygglarver, 2 fåberstemark, 1 vannkalv og 1 vannkalvlarve - i alt 120 individ pr. m².

Samla resultat syner at det er lite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok ein mageprøver av 3 fiskar. Her vart det funne buksvømmere, vannkalvlarver, vårflugelarver og myggpupper.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50.0 m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov. Resultatet av begge prøvene må karakteriserast som mykje fattige.

Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Aure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 2 aurar og 1 røyr.

Aurane vart fanga på garn omf. 32 og røyra på omf. 22.

Ein tok prøver av desse to aurane og begge var kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det ein hanfisk og 1 hofisk.

Den eine fisken var gytefisk - den andre gjellfisk.

Det vart ikkje funne parasittar i nokon av fiskane.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år
Medelengde i cm	4.6	10.7	14.8	18.4
Årleg lengdetilvekst i cm	4.6	6.1	4.1	3.6
Antall fiskar	2	2	2	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.16 tilseier fin, feit fisk.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for dei 2 aurane og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Til vanleg er det ca. 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så bakgrunns materialet her er i minste laget, men ein viss peikepinn vil det gi.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og surt, og med eit minimalt fiskebestand.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så vil fisken neppe kunna formere seg under dei nåverande tilhøva.

Botnprøvene, saman med planktonprøvene, gav eit magert resultat, men vekstkurven for dei 2 fiskane vi fekk er omlag normal.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring

vatna og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjolve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Ser vi på nedslagsfeltet for Glessjurovatnet så er dette skrint og med harde, sure bergarter oppe i dagen. Det er såleis lite med mineral- og næringsstoff som gjennom tilsiga blir tilført vatnet.

Grunnen til at vatnet er så surt, skriv seg som kjent frå nedbøren. I sørlege og vestlege vindretningar fører regnvatnet med seg svovelstoff frå kontinentet og dette fell då ned saman med nedbøren. Om nedslagsfeltet då ikkje er i stand til å nøytralisere svovelstoffa går desse ut i vatnet i same konsistens som dei fell ned og så går det galt.

Vanligvis er det rogn og ungelet det fyrst går ut over, slik at om ungelet blir borte på gytebekkene er det eit dårleg teikn. Dette vil vidare føre til betre tilhøve for den større fisken i vatnet og ein får gjerne stor, fin fisk i slike vatn.

Men etter kvart som denne fisken blir oppfiska eller kjem bort på annan måte, og rekrutteringa sviktar, fører det på noko sikt til fisketome vatn.

Av desse har vi nå fleire, så det var å vona at det forsøket som vert drive i Marnardal måtte lukkast, slik at ein her kunne få fram ein aureart som kunne tåle surare vatn enn det som er vanleg. Kalking og gjødsling har vorte prøvd, men det heile har ofte lite for seg. Er vatna djupe og gjennomstrøyminga stor er det bortkasta arbeid og kostnad. I små, grunne vatn med liten gjennomstrøyming kan slik gjødsling prøvast, men også her er det økonomiske utfallet tvilsamt. Vi skal og hugse på at gjødsling er ikkje noko eingongsaffære, då gjødselverknaden blir utvaska og ny gjødsel må tilførast.

Praktiske tiltak.

Sjolv om rekrutteringa ser ut til å ha svikta er det dermed ikkje sagt at det ikkje vil kunna leva fisk i vatnet. Mykje talar for at ein ved å setje ut settefisk av høvande storleik frå overbefolka vatn i nærleiken, vil kunna oppretthalda eit fiskebestand. Noko stort fiskebestand vil slike vatn aldri kunne tåle, men eit rimeleg bestand av matnyttig fisk skulle ein framleis kunne halda.

Vi vil tilrå at det blir sett ut ca 200 stk. settefisk av ca. 10-15 cm storleik pr. år i 3 år framover. Fisken bør merkast ved å klyppa bort fettfinnen, slik at ein ved gjenfangst kan kontrollera

om det er same fisken vi får att.

Tiltak utover dette er det vanskeleg å koma med. Vi står heller hjelpelaus i vatn av dette slaget, så det er berre å vone på at eit internasjonalt samarbeid for å minske luftforureininga vil koma i stand så vil det på ny bli levelege vilkår for fisken i mange vatn.

Stavanger 17/2 1978

Einar Berg